



ULLENSVANG FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2023



Innhald

Ullensvang statsallmenning.....	3
Ullensvang fjellstyre 2020-2023	3
Hardangervidda fjelloppsyn	3
Aktivitet i 2023.....	3
Fjellstyrehytter.....	5
Reinsjakt	7
Elgjakt	8
Småviltjakt	8
Fiske	9
Økonomi	10



Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Ullensvang kommune, i Vestland fylke, og er på om lag 819 km². Størstedelen av statsallmenningen ligg i Hardangervidda nasjonalpark.

Ullensvang fjellstyre 2020-2023

Medlem:	Vara:
Johnny Vikne (leiar)	Eivind Tokheim
Jan Asbjørn Utne (nestleiar)	Per Helge Sekse
Hildegunn Espe	Evelyn Sekse Haustveit
Synnøva Sæbø	Jarle Vangen
Jarle Rasmussen	John Helge Rasmussen

Fjellstyret hadde i 2023 fire møte. Det blei handsama 23 saker.

Fjellstyret informerer om vedtak på heimesida www.hardangervidda-fjellstyra.no. Her blir det også informert om jakt, fiske, hytteutleige med meir. Inatur blir brukt til sal av jakt og fiske, og Scanatura blir brukt til hytteutleige.

Styremedlem i Fjellstyra på Hardangervidda: Johnny Vikne (vara Hildegunn Espe)

Representant i villreinutvalet: Jan Asbjørn Utne

Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Ullensvang fjellstyre leiger sekretærtjenester og felttenester frå HF. Sekretærtjenestene har blitt utført av Steinar Lund.

Aktivitet i 2023

Det har vært stor aktivitet og gjennomført mykje bra arbeid på hyttene i 2023.

- Generell transport av ved og gass inn til hyttene og boss ut frå hyttene.
- Generell vask og rydding av/på hytter.
- Det er kjøpt inn nokre fleire garn som er plassert ut ved hytter og ved dei vatna ein har plassert ut båtar og garn i tønner dei siste åra. I tillegg er det nå lagt ut flytevestar i tønne ved båtane.
- Service på båtmotorane som vi har til utleige(Belebu, Raudåna, Persbu, Bjørnavassbu og nå Naustet)
- Brannførebyggjande tiltak etter tilsynsrapporten frå feiaren. (Egen rapport på kvart objekt/hytte)
 - Kjøpt inn gass skap til alle hytter
 - Kjøpt inn gass/CO2 alarm til alle hytter

**Ullsbu:**

- Skifta ytterdør
- Brannførebyggjande tiltak iht tilsynsrapport

Rogdabu:

- Flytta/delt senger
- Brannførebyggjande tiltak iht tilsynsrapport (Blant anna ny omn på ny stad, ny pipe og brannmur)

Naustet v Nedsta Krokavatn:

- Kjøpt inn og plassert båtmotor (til utleige)
- Kjøpt inn og plassert gassfryseboks 70 L
- Brannførebyggjande tiltak iht tilsynsrapport

Bjørnavassbu:

- Fornya yttervegger vest og nord.
 - Revet ned og bygd opp igjen. Isolasjon, asfaltplater, vindduk, kledning.
 - Beisa ny kledning
- Montert ny dør i skuten
- Montert nytt solcelleanlegg hytte – med 230 omformar 400 W
- Montert lamper ved senger
- Montert solcelleanlegg med stor batterikapasitet uthus. Dette anlegget driver nå 99 L 230 V fryseboks på soltraum. (1200 W omformar)
- Brannførebyggjande tiltak iht tilsynsrapport

Persbu:

- Skifta ytterdør i uthus/toalettbygg
- Bygd «kjøkken»kjørle reol. (Eksisterande skap var i konflikt med brannforskrifta)
- Bygd om kjøkken, satt inn gasskomfyr
- Brannførebyggjande tiltak iht tilsynsrapport (Blant anna ny omn, ny pipe og brannmur)
- Montert gass skap på utsida av døra (sjekke om det «toler» vinteren.)

Raudåna:

- Brannførebyggjande tiltak iht tilsynsrapport (Blant anna ny omn, ny pipe (foret eksisterande) og brannmur) i begge avdelingar + gjeterdel
- Kjøpt inn/montert opp medisinskap med innhald.

Belebu:

- Brannførebyggjande tiltak iht tilsynsrapport (Blant anna ny feieluke, fjerning av brennbart for nært)

Holmavatnet:



- Brannførebyggjande tiltak iht tilsynsrapport(Gjenstår noe, plan 2024)
- 5 ekstra sekker med ved levert i jakta(Lånt frå Røldal- Ninive)

Langavassbu:

- Brannførebyggjande tiltak iht tilsynsrapport
- Montert solcelleanlegg i hytta
- Montert kjøkkenvifta på begge rom.
- Reparert utedo, dør som hang og slang. Rydda
- Lagd opptreks-strø til båten.
- Reparert/satt inn nytt vindauga(vart knust,meldt frå)
- Satt opp ny nøkkelboks(førre var knust-innbrot)
- Montert tjuverisikring på ytterdør.
- Rydda i hytte, i naust og område rundt
- Statkraft har også vært i område å rydde i terrenget(etter at leigetakarar gav beskjed om mykje rot frå anleggstida låg att i område)

Fjellstyrehytter

Ullensvang fjellstyre har 11 hytter i statsallmenningen. I tillegg har fjellstyret eit naust ved Øvsta Krokavatnet, og steinbua Kollsbu. [Kart med oversikt over hyttene som er i bruk.](#)

Fjellstyrehytter:


- Ullsbu (Hansbu)
- Rogdabu (Hansbu)
- Oppsynshytta på Hansbu (leigd ut til Hardangervidda Fjelloppsyn)
- Naustet (Nedsta krokavatnet)
- Belebu
- Bjørnavassbu
- Langavassbu
- Holmavatnet
- Raudåna
- Raudåna – oppsynshytta
- Persbu
- Kollsbu

Fjellstyrehyttene har blitt leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv i perioden 1. juli til 31. oktober. Prisen for å leige har vore 100,-pr. person pr. døgn (dobbel pris for utanbygdsbuande). For steinbuene har prisen vore 90,- (180,-).



Utleige av hyttene har foregått med søknadsfrist for leige av hyttene i sommarveke og i reinsjakta, med tildeling der innanbygdsbuande er prioritert. Etter tildeling har hyttene blitt leigd ut via Inatur.

Hytteutleige utgjorde 182 000,- i 2023. Alle hyttene samla var utleigd 456 døgn i 2023, mot 480 i 2022. Sjå elles figur 1 og 2.



Figur 1. Tal døgn hyttene har vore utleigd i 2021, 2022 og 2023.

Tabell 1. Utleige i 2023.

	Innanbyds	Utanbyds	Samla	Andel innanbygdsbuande	Andel utanbygdsbuande
Belebu liten del	35	2	37	95 %	5 %
Belebu stor del	40	4	44	91 %	9 %
Bjørnavassbu avd. nord	46	0	46	100 %	0 %
Bjørnavassbu avd. sør	61	0	61	100 %	0 %
Holmavatnet	7	30	37	19 %	81 %
Langavatnet del 1	19	7	26	73 %	27 %
Langavatnet del 2	17	0	17	100 %	0 %
Naustet ved Nedsta Krokavatnet	21	12	33	64 %	36 %
Persbu	22	13	35	63 %	37 %
Raudåna – oppsynshytta	0	0	0		
Raudåna, avdeling 1	8	16	24	33 %	67 %
Raudåna, avdeling 2	14	11	25	56 %	44 %
Rogdabu	0	8	8	0 %	100 %



Ullsbu	34	29	63	54 %	46 %
Alle hyttene	324	132	456	71 %	29 %

Reinsjakt

Villreinkvota for Hardangervidda i 2023 var på 4000 dyr. Det var berre tildelt kort i kategorien vaksen bukk 2,5 år eller eldre. Ullensvang fjellstyre sin del av kvota var 382 kort. I tillegg kjem 31 kort med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen som fjellstyret tildeler til jegerar med innanbygdsbuande-status tilknytt gamle Ullensvang herad. Det blei tildelt kort til 234 innanbygdsbuande og 48 utanbygdsbuande. Jakttida var 20. august til og med 20. september.

Det var samjakt mellom fjellstyret og alle private vald i gamle Ullensvang herad og Odda kommune utanom vald i Røldal, for jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning, frå og med 6. september og ut jakta.


Det var samjakt med Røldal statsallmenning for innanbygdsbuande jegerar frå og med 6. september. Avtalen gjaldt deler av statsallmenningen.

Prisen for reinskorta blei sett til 1.500 pr kort til innanbygdsbuande, 3.000 pr kort til utanbygdsbuande. Netto omsetnad for sal av reinskort var 669.712,-.

Felling:

Det blei felt 91 dyr på korta til Ullensvang fjellstyre, og 2 dyr på korta på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen som var tildelt innbyggjarar i gamle Ullensvang herad. Det gir ein fellingsprosent på 23,8 på fjellstyret sine egne kort.





Figur 2. Tal felte dyr på korta på Ullensvang statsallmenning 2005-2023.

Elgjakt

Ullensvang fjellstyre administrerer elgjakt på eit vald i Ullensvang statsallmenning. Elgjakta blir leigd vekk til eit jaktlag for to år i slengen. Jakta er konsentrert rundt Hansbu-Bjørnavassområdet. I 2023 var kvota på ein okse, ei ku og ein kalv. Det blei felt ku, kalv og ein 1,5-årig okse.

Småviltjakt

Fjellstyret har hatt fritt kortsal av småviltjakt i 2023. Det har blitt selt 176 kort, fordelt på dagskort, vekeskort og sesongkort som vist i tabellen under.

	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Dagskort	20	113
Vekeskort	10	23
Sesongkort	0	5
Småroviltkort	5	

Netto omsetnad av småviltjakt var 69.597,-.



Tabell 2. Prisar småviltjakt 2023.

	Innanbygds	Utanbygds
Dagskort	140,-	280,-
Vekeskort	600,-	1200,-
Sesongkort	1100,-	2200,-
Småvorviltkort		100,-

Fiske

Det er selt 357 fiskekort for Ullensvang statsallmenning i 2023. Av desse er 122 fiskekort for innanbygdsbuande (garnkort). Tilsvarande tal for 2022 var 385 selde kort (114 fiskekort for innanbygdsbuande).

Det er selt 294 fellesfiskekort, fordelt på 240 vekeskort og 54 sesongkort. Netto omsetnad var 182 700,-. Ullensvang fjellstyre sin del av omsetnaden var 58.412.

Det er selt 14 vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande. Kortet gjeld for nokre av vatna på statsallmenningen der det med fordel kan fiskast meir. Det blir opna for sal av inntil 20 vekeskort i året.

Netto omsetnad for fiskekort var 166.050,-.

Prisar på fiskekort i 2023

Stongfiskekort:

Dagskort: 110,-,

2-døgnskort: 190,-

3-døgnskort: 290,-

Vekeskort: 390,-

Sesongkort: 790,-

Garnfiske (innanbygds):

Vekeskort: 300,-

Sesongkort: 450,-

Familiekort sesong: 500,-

Garnfiske (utanbygds):

Vekeskort: 600,-



Økonomi

Fjellstyret hadde i 2023 ein omsetnad på 1 954 157,-. Utgiftene var på 1 677 251,-.

Fjellstyret gjorde vedtak om å løyva 20.000 i tilskot til grunnkapital til stiftinga «Redd Villreinen», som allmennyttig føremål i bygdene som har rett til allmenningsbruk, jf. fjellova § 11 3. ledd. Det blei og gitt ei gåve på 500,- til basar i regi av Ullensvang Skulemusikklag.

Fjellstyret er tildelt fyljande gåver i løpet av året:

	Føremål	Sum
Grunneigarfondet	Utbetring av Rogdabu	105 000
Grunneigarfondet	Påhengsmotor og fryseboks til Naustet, båtar og garn Sigridskarsvatnet	26 000
Sparebankstiftinga Hardanger	Rehabilitering av naust ved Kvennsjøen	100 000
Sparebankstiftinga Hardanger	Rehabilitering av oppsynshytta, Raudåna	200 000
Sparebankstiftinga Hardanger	Rehabilitering av Rogdabu	170 000